

Til politikarane i Hordaland fylkeskommune

Grenser for mistillit

I mange år har den norske skulen blitt underlagt eit stadig veksande test- og kontrollsystem – dels pålagt frå nasjonale styresmakter, dels utarbeidd og iverksett av skuleeigar. Som lærarar har vi stort sett godteke bitane i dette etter kvart omfattande og uoversiktlege målesystemet, som ikkje spring ut frå lærarane og elevane sine behov for å utvikle kvaliteten i undervisninga eller organiseringa av skulens drift.

PULS er eit styringsverktøy for skuledata som alle fylkeskommunar i landet har kjøpt og teke i bruk. Der vert alle data frå Elevundersøkinga, ymse testar og kartleggingsprøver, fråfall, karakterar m.m. frå skulane samla. Det nye er at Hordaland i år også samlar data frå Undervisningsevalueringa på skulenivå direkte i PULS og kan bruke dei i si skulevurdering. Rektor slepp summere opp resultatata i ein eigen tilstandsrapport.

Det er heilt rimeleg at nasjonale styresmakter/skuleeigar/rektor krev at lærarane evaluerer undervisninga si med sikte på å auke kvaliteten i utdanninga. Men måten evalueringa blir gjennomført på, kan og bør variere i høve til fag og klasser/grupper og etter kva læraren som fagperson i samråd med elevane sine meiner det er viktig å granske nett no. Slik evaluering må og vere knytt til konkrete delar av den pedagogiske prosessen og vere utforma slik at elevane skjønar kva dei gjer og læraren kan vere sikker på kva som faktisk blir målt. I eit system basert på tillit til den faglege kompetansen hos medarbeidarane ville slik evaluering bidra til å utvikle skulen som ein lærarande organisasjon. Med sine standardiserte spørsmål og lausriven frå eit konkret undervisningsforløp, er Undervisningsevalueringa ein sløv reiskap for å kvesse kvaliteten i arbeidet vårt.

Vi har ikkje høyrst eller sett ei fullgod grunngjeving for kva skuleeigar skal bruke informasjonen i Undervisningsevalueringa til. I praksis vert det bygd opp enorme mengder av generell informasjon som berre kan brukast til summariske samanlikningar som i beste fall er unøyaktige, ofte direkte misvisande. Vi som lærarar har ikkje har kontroll med korleis resultatata vert tolka og presenterte internt i skuleadministrasjonen i fylket og på nasjonalt nivå, til politikarar, media og folk flest.

Vi har godteke Undervisningsevalueringa så lenge resultatata var til internt bruk på den einskilde skulen og skulle hjelpe oss til å gjere undervisninga betre. No er tida inne til å markere motstand mot testar og undersøkingar som primært kjem i møte trongen for politisk og byråkratisk kontroll med kjerneaktiviteten i arbeidet vårt. Vi vil be politikarane i Hordaland fylkeskommune om tillit og mogelegheiter til å gjennomføre undervisningsevalueringa på ein måte som er tilpassa det pedagogiske arbeidet vårt.

Voss gymnas 31.1.14

Anne Karin Dugstad Alf Jansen

Astrid Gjestvang

Utdanningsforbundet Skolenes landsforbund

Musikernes fellesorganisasjon

